

Far etter folk

Vandring i eit gammelt kulturlandskap

**Natursti laga i samband med at Rotary International er
100 år i år 2005.**

**Skogn Rotary
2005**

Far etter folk


Info-tavler

- S Startoppslag
- 1 Høyslogruva
- 2 Finnkallbakken
- 3 Oldtidsveg
- 4 Gravhauger
- 5 Kolgrop
- 6 Kolmiler
- 7 Gjartrudmoen
- 8 Dyregraver
- 9 Postmyra
- 10 Kveindalen
- 11 Toillbuplassen
- 12 Utsikten

- v Dyregrav
- Far etter folk

Målestokk:

1:8100



Far etter folk

Naturstien "Far etter folk" er ein presentasjon av kulturhistorie knytta til utmarka på gardane Høyslo og Lein. Tvers gjennom gardsskogen her gjekk det frå eldgammel tid ein ferdselsveg som var i bruk både som lokal veg i bygda og som gjennomgangsveg bygdene i mellom. Etter denne vegen har folk ferdast heilt sidan fangstfolket hadde sine dyregraver her og fram gjennom tusenåra til vår tid.

Ved vegen over marka vil du møte ei rekkje fornminne, kulturminne som i tid spenner over kring to tusen år og som i innhald har ei spennvidde som femner om bygdefolk sitt liv i arbeid av ulike slag, menneskelagnader i ulike sosiale samanhengar og livssituasjonar. Vi får oppleve folk i deira strev for livsopphald og overleving.

Vi finn merke etter ulike aktivitetar, spor eller "far" som vitnar om arbeid og strev, om helg og høgtid, om sjukdom og naud.

"Far etter folk" tar deg med på ei vandring langs oldtidsvegen. Nokre fornminne er merkte med skilt som fortel om hendingar knytte til staden. Skilta er avmerkte på kartet her på oppslagstavla.

Grunneigarane, Ola Høyslo og Inger Lein, har vore svært imøtekomande og gitt oss løyve til å bruke marka til "Far etter folk". Det er opp til oss brukarane å vise at vi sett pris på velviljen. Dette gjer vi mellom anna ved å fara fint fram i terrenget, og ved å ta vel vare på denne kulturskatten slik at han ikkje blir øydelagt for komande generasjonar.


God tur.

”Far etter folk”

Oversikt over naturstien


1. Høyslogruva, morene frå istida, 10.000 år sidan
2. Finnkallbakken, husmannsplass frå 1800-talet
3. Oldtidsveg, (hulveg) over 2000 år gammel
4. Gravfelt, gravhaugar frå jernalderen, ca 400 e.Kr.
5. Kolgrop frå tida før Svartedauden (1349).
6. Kolmiler, kolbotnar frå 1700-1800 talet
7. Gjartrudmoen, buplass frå midten av 1800-talet
8. Dyregraver, kan vera frå tida før vår tidsrekning.
9. Postmyra, post er ein gammel kulturplante.
10. Kveinndalen, kverner frå tida 1500 til 1900.
11. ”Tollbuplassen” øydegard etter Svartedauden 1349
12. Raste- og utsiktsplass

A



Textfeld

B




havnivået for 12.000 år siden

havnivået for 12.000 år siden
dagens havnivå

OFFERSKÅLER.

Inne på tunet på Høyslo er det ein berghaug der det er hogge eller slipa ut ei rekke små skålforma groper, 5-10 cm i diameter. Gropene skriv seg frå heidensk tid og har truleg vore brukte i samband med ofring. Detaljane kring denne ofringa er lite kjend. Mest nærliggande er det å tru at det er ofring til solguden, og at det har vore brend eit brennoffer i skålene. Slike offerskåler er kjende frå



fleire stader i bygda. På Nossum er det ein stor stein med mange skålgroper. Steinen ligg ved foten av urda sør for Høgberget. På same måten er det ein stein med groper på Geite. Denne steinen ligg i dag i lia vest for garden, men han er flytta dit og har lege lengre oppe på garden tidlegare.

På Okkenhaug er ein liknande stein. Dennes steinen ligg oppå ein gravhaug ved innkjørsla til garden. Også ute på Ekne på garden Slavlo er det skålgroper i samband med eit helleristningsfelt. ✓

Skålgropene er helleristningar i gruppa jorbruksristningar kjende frå jordbruksbygdene i Trøndelag, Jæren og frå området frå Østfold og Bohuslen. Dei blir sette i samband med ein døds kultus og grøderikdomskultus og er tidfesta til bronsealderen og tidleg jernalder.

Utom Norden er skålgroper kjende frå Balkan, Nord-Italia og Spania (Norsk alkunnebok)

Høyslogruva

Landet og landskapet er forma av iskappa som dekte Nord-Europa gjennom fleire tusenår. Isen gleid sakte frå innlandet og ut mot hav og fjord. Han skura mot underlaget, flytta på store bergblokker, mol sund fjell og stein til grus og sand, silt (finkorna mineraljord) og leire. Isskuringsstriper er tydelege spor etter dette. Slike skuringsstriper er synlege mellom anna også i Holåsen.

Ved iskanten vart det lagt opp store mengder av det materialet isen førde med seg. I istida var strandlina om lag 175 meter høgre oppe enn i vår tid, den "marine grensa". Ved denne grensa finn vi store morener eller sandavsetningar, som her i Leinsmarka. Ned for morena er fjellet dekt med leire. Dette er også masse frå isvandringa, masse om var løyst i vatn og som sedimenterte når smeltevatnet nådde sjøen. Landskapet ned for marine grensa er for ein stor del dekt av leire. Funn av skjel i leira like ned for Høyslomarka vitnar om den tida havet gjekk så høgt. Rennikammen opp for Høyslo var på den tida ei øy.

Grusen frå istida har, særleg det siste hundreåret, vore nytta i samband med bygging av vegar og jernbane og anna byggeverksemd. Her ved Finnkallbakken vart det opna eit sandtak tidleg på 1900-talet, eit sandtak som no blir kalla Høyslogruva. Her er det tatt ut anslagsvis 3-400.000 m³ sand.

Sidene i sandtaket viser korleis sand og stein har vorte førd utover morenkanten slik at morena gradvis har vorte bygd opp gjennom fleire tusen år. Det er også mogleg å sjå korleis avsmelting og vassmengde må ha variert etter som tida har gått. Morena er eit eineståande naturhistorisk dokumnet. e

Finnkallbakken

På 1800-talet var det her ein liten husmannsplass med før til eit par geiter. Tufta etter stua visest som ei stor grop i bakken. Stua ser ut til å ha hatt jordvegger og var ikkje mange kvadratmetrane stort.

Kvifor plassen hadde namnet Finnkallbakken veit vi ikkje, men det er ingen tradisjon om at samar har halde til her.

Vegen opp frå denne plassen før grusgruva kom i gang, heitte og Finnkallbakken. Her gjekk setervegen opp til Brennmålbustaden, seinare kalla Torsbustaden. Bustad var det gamle namnet på ei seter her i Skogn.

Rasmus Larsen og Beret Pedersdtr.

Om dei som budde på plassen kan du lese i Skogn Historie X, Midt-Skogn 1. Rasmus Larsen og kona Beret Pedersdtr gifta seg 9/11 1821 og var i mange år plassfolk på Rasmusplassen under Stavlo. Omkring 1850 flytta dei hit til Finnkallbakken og bygde truleg opp denne plassen. Rasmus og Beret hadde 5 born i lag. Det yngste var dattera Bina Jokumine, som vart gift med Mortinus Haugen under Høyslo. Deira datter, Gine Reitan, budde like nedanfor Brennmålan, i dag ein fin og nyoppussa heim. Gine har fortald at besteforeldra hennar, Beret og Rasmus, hadde ei datter som var gift i Namdalen. Dei ville dit for å sjå om henne. Ei reise til Namdalen var ikkje så beint fram den gongen, før bil eller jernbane kunne nyttast. Men familien i Finnkallbakken såg ikkje mørkt på transporten. Far, mor, to barn og to geiter tok ut på Namdalsturen og gjekk den lange vegen til fots. (Sjå Skogn Historie, Midt-Skogn bind 1, side 314).

Mikal Lorentsen og Anna Kjerstine Tørresdatter Gilstadvald.

Dei siste som budde på plassen Finnkallbakken var Mikal Lorentsen og kona Anna Kjerstine Tørresdatter Gilstadvald. Dei budde på plassen til fram mot 1875.

Dei hadde to barn som var fødde her, Lorents Teodor fødd 21/6 1861. Han utvandra til Matmar i Sverige i 1875. Dattera Sophie Berntine var fødd i 1869. I 1865 hadde dei fosterdatra Laura Johansen fødd 1857. Laura var fødd på Ytterøya og var søsterdatter til Mikal. Ein familie på fem hadde såleis tilhald i denne vesle stova.

Det er uvisst kvar Mikal og familien gjorde av seg da dei flytta frå Finnkallbakken. Etter ~~denne familien~~ har Finnkallbakken ikkje vore i bruk som plass.

Oldtidsvegen

Frå gammelt fanst det faste vegleier både mellom gardane i grenda og mellom bygdene. Ein slik gamal gjennomgangsveg kom her over Leinsmarka. Veggen knytte saman bygdelaga og var ein del av eit vegnett som dekte heile landet. Slike vegar følgde gjerne tørt og fast lende, slik som her på sandmorena over Leinsmarka. Vegane gjekk ofte i innlandet og kunne følgje den marine grensa. Dei gjekk og gjerne frå fjordbotn til fjordbotn, noko som vart den kortaste vegen.

Desse Vegane var stiar forma av ferdsel gjennom lang tid. Her og der vart dei utbetra noko slik at det gjekk an å koma fram med hest og vogn, men til vanleg var det ridevegar. Gjennom lang tids bruk kunne stiane slitast ned så dei såg ut som grøfter, dei var innhole og fekk etter det namnet "holvegar". Somme stader kan ein finn fleire holvegar ved sida av kvarandre. Det vart skifta vegtrasè når den gamle vart lite framkomande på grunn av slitasje og nedbør.

Gammelvegen over Leinsmarka kom frå Skjelstadmarka til Stormo i Markabygda. Her delte han seg. Ei veglei gjekk opp om Vinkjerran og langs Skjøtingen forbi setrene der og ned til Reistad i Frol. Hovedleia gjekk om Venset og fram til Sunde i hovedsoknet. Derifrå framom Julsete og Lund, over Leinsmarka til Høyslomoen. Derifrå gjekk ei veglei ned til Alstadhaug, mens hovedvegen heldt fram om Masteråsen og vidare til Munkeby og derifrå over til Verdal. *med ein veglei ned*

til Skjelstad bygdelaga på Skjelstein.

Gammelvegen er synleg som holveg nokre få stader over skogen. Han har vore i bruk så lenge folk har ferdast her, det vil seie i fleire tusen år. Slik sett kan vi kalle denne vegen Oldtidsvegen.

Gravfelt

Gravfeltet på Høyslo er av dei største i bygda. Det er eigentleg to felt, eitt på innmarka nord for Granheim (felt 1) og eitt på terrassekanten sør for Finnkallbakken, (felt 2).

Felt 1 bestod opphavleg av 9 haugar, 2 trekanta, seks runde og to ovale. I dag er det att ein haug. Denne ligg ved bygdavegen like nord for avkjørsla til Granheim og på vestre side av vegen. Fire av haugane vart utgravne i 1921. Det var funne brente bein, ein ufullstendig ring av bronse, klinknaglar og nokre uidentifiserte gjenstandar. Feltet er datert til yngre jernalder, dvs ca 400 år etter Kristus.

Felt 2 består av i alt 9 haugar og ei gravrøys, 5 runde og 4 avlange. Seks av haugane, 3 avlange og 3 runde, ligg samla ute på terrassekanten, to haugar ligg på ein avsats i skråningen ned for dei 6, 1 avlang og ein rund haug. For seg sjølv på ein grusrygg nærare Finnkallbakken er det 1 rund haug. Ingen av haugane er undersøkte, men det er rimeleg å anta at dei stammar frå same tidsperiode som felt 1. Gravrøysa ligg inne på moen opp for stien.

Den største avlange haugen er 25 meter og den største rund er 12 meter i diameter.

Den store konsentrasjonen av graver her heilt oppe ved den marine grensa er vanskeleg å tolke. Dei fortel at staden i si tid var ein sentral plass. Det store dyregravfeltet og dei mange kolgropene kan vera samtidige med gravhaugane, og kan kanskje sjåast i samanheng med gravfeltet.

Oldtidsvegen over moen bør vel og takast med i vurderinga. Denne vegen førde mellom anna til fjells og til dei mange jarnvinnene som var i drift der.

Kolgroper

Trekol vart brukt til oppvarming av jarn under smiing. Trekola vart framstilt av ved. I mellomalderen i tida før Svartedauden i 1349, foregjekk dette i groper gravne ned i bakken. Gropene var kring 2 meter i diameter og kring 1 meter djupe, dei kunne likna på dyregraver.

Her på Høyslomoen er dei ei mengde store og små groper som truleg har vore brukte til trekolbrenning. Den gropa vi står ved er undersøkt med tanke på å finne ut kva slag grop det er. Det er grave ei smal grøft tvert gjennom ho. Både i botnen av gropa og i veggene er det eit lag trekol som viser at vi her temmeleg sikkert har ei kolgrop, og at det er ei grop som ikkje har vore brukt som fangstgrav.

Veden som skulle blir til trekol vart kappet i høvelege lengder og lagt ned i gropene slik at det var ein trekk-kanal under. Sidan veden vart lagt i gropa og ikkje sett på ende er ei slik mile kalla ei "liggemile".

Veden vart dekt med torv og jord og påtent rundt ute ved kanten. Under brenninga regulerte dei trekken slik at veden ikkje brann, han glødde og vart omdanna til trekol.

Trekolbrenning må seinast ha kome i bruk samstundes med jarnvinna, det vil seie for noko over 2000 år sidan. Det gjekk med store kvanta trekol både til ettersmelting av jarn frå jarnblestrene på fjellet, og til sjølv smiinga.

Teknikken med å lage trekol på denne måten var i bruk i mellomalderen og fram til Svartedauden. I nyare tid, da det melde seg behov for større kvanta kol, vart metoden av løyst av såkalla "reismiler", som vi skal sjå eksempel på ved neste post.

Kolmiler

Vi kan her sjå fleire "kolbotnar", det er tufter etter kolmiler. I slike miler brende dei trekol. Milene her er truleg frå 1700-1800 talet. Det er kolbotnar her på Leinsmarka og inne ved Hallvardåsen, som ein gong var ein utmarksgard. Bjøråstjønna heitte før "Koltjønna" og ein bakke i ein gamal fjellveg ned mot Dalaelva heiter framleis "Kølhusbakken".

Kolmilene vart kalla "reismiler". Når slik ved blir hoggen, blir han lagt i kryss med "krysset" ved rotendane. Stablane blir kalla "reis" og veden "reisved". Ei reismile er kjegleforma, veden står på ende (er reist) med ein trekk-kanal i midten. Mila er dekt med jord og torv. Ho blir tend nedantil. Når prosessen er godt i gang blir trekken stengd så nær som nokre trekkopningar og eit røykhol på toppen. Når veden er gjennomglød, blir trekken stengd. Prosessen kan vare fleire veker.

På Ekne var det ei smeltehytte der det vart utvunne kopar. Koparen kom frå gruvene på Ytterøya, men smeltehytta måtte dei ha på Ekne sidan det ikkje fanst vasskraft til å driva hytta ute på Ytterøya. Elva, som gav vasskraft til smeltehytta, heiter framleis "Høttelva".

Kolbrenning krevde store mengder ved slik at det gjekk hardt utover skogen. Det var ved slik aktivitet at Rørosvidda vart avskoga i samband med smelteverket på Røros. Litt av det same var tilfelle i Skogn, særleg på Ekne.

Kolbotnen vi står ved er tufta etter ei stor mile. Ho er 14 meter i diameter ut til ytterkantane, sjølv mila er 10 meter. Veden var truleg ca 3,5 meter lang. Til mila gjekk det med ca 250 m³ ved, det svarar til kring 100 famner. Mila brann i fleire veker, og måtte i denne tida vaktast vel slik at ho ikkje tok fyr.

Gjartrudmoen

Denne delen av Leinsmarka heiter Gjartrudmoen. Her budde for snart 200 år sidan, Gjartrud Svendsdotter. Gjartrud er dialektuttalen av kvinnenamnet Gjertrud. Harald Næss påviste denne plassen og med hustuft og ein liten potetåker like ved. Da Harald var gutt, var den vesle potetåkeren og potetradene godt synlige, men da han skulle finne igjen åkeren rundt 1968 var potetradene ikke lenger synlige i skogsbotnen.

Når ein veit om åkeren kan ein likevel sjå radene og åkerhakked der radene byrjar. Ved å "småtrø" litt sakte på tvers av radene kan ein tydeleg kjenne korleis radene bølger opp og ned under skosolane.

Her ved gamlevegen som fører opp frå Postmyra, stod stova hennar Gjartrud. Ho var nok ikkje stor, berre eit lite krypinn for henne og kanskje eldste datra som og heitte Gjartrud. Nokre steinar under grana her er alt som viser kvar stuggu stod.

Eit besøk på Gjartrudmoen gir ein på ein merkeleg måte ein direktekontakt med ei tid som var og med Gjartrud som budde åleine her inne på moen ved den gamle ferdselsveien.

Vi veit svært lite om henne, men av kyrkjeboka og folketeljingane, kan likevel noko av saga om henne leitast fram.

Med atterhald om at kjeldene er rett tolka, trødde Gjartrud, som levde den siste delen av livet sitt her inne på Leinsmarka, barneskoene ute på Tangen ute ved Movatnet. Ho vart døypt 24. søndag i Trinitatis (trefoldighet) 1758 og var datter av Gjertru Matiasdatter og Svend Toresen Gryte, (SH-IIb s644).

Postmyra

”Postmyra” har namn etter ein busk som i Skogn vart kalla ”post”, men som andre stader heiter ”pors”. Planten må ikkje forvekslast med Finnmarkspors. Latinnamnet er *myrica gale*. Pors veks ved tjonner og andre våte stader på kysten nord til Tranøy og på Austlandet opp til Rendalen og Trysil. Busken er om lag 50 cm høg og er lett kjenneleg på ei sterk krydderlukt som særleg kjem frå nokre kjertlar i knoppforma raklar.

Busken har vore brukt sidan sagatida noko ”pors” namnet vitnar om frå ulike stader i landet.

Pors har vore brukt som krydder i øl noko det er levande tradisjon om frå fleire stader, også frå Trøndelag og Nordland. Det var også vanleg tru at aromaen frå post kunne halde lopper og anna uty borte. Enkelte brukte post i sengene for å få god lukt. Eldre personer la også post under hovudputa.

Her i Skogn er det kjent at folk henta post også her på postmyra. Det vart brukt i kleskap og på loft mot klesmøll heilt fram til vår tid, mellom andre Asbjørg Næss på Lein praktiserte dette.

Ikkje sjeldan hengde dei opp post på utedassen både på grunn av aromaen og for å halde fluger og anna uty på avstand. Post hadde mange andre bruksområde, men var lite brukt i folkemedisinen. Han skal likevel ha vore brukt som giktmiddel og til sårmedisin.

Post var brukt til garnfarging for å farge gult. På harejakt gikk haren inn der det var post, hunden mista ”foten” på grunn av den sterke lukta. Busken kunne også nyttast til gryteskrubbar og små sopelimar. (Høeg: Planter og tradisjon).

Kveinndalen

Vassdrivne kveinner (kverner) har vore i bruk lenge utan at vi veit sikkert kor lenge, men ut frå gamle vin-namn meiner ein at vassdrivne kverner kan ha vore i bruk før vikingetid.

Jordeboka i 1661 opplyser at både Høyslo og Skille hadde kvern, og her i Kveinndalen var det på 1800-talet tre kveinner til gardane Lein øvre, Lein nedre og Skille.

For å skaffe nok vatn til kveinnene vart det nødvendig å demme opp to tjønner lenger oppe. Dei har fått namnet Øvre og Nedre Sleppingstjønn. Harald Næss fortalde at det var gutungane sin jobb å springe opp til tjønna og stenge vatnet om morgonen og å åpne att om kvelden.

Ved den øvste kveinna var det ei demning eller stamn. Frå denne dammen gjekk vatnet frå kveinn til kveinn ned fossane.

Det førde veg fram til kvar kveinn, frå oldtidsvegen og ned til den øvre kveinna er vegen rydda. Vegen fram til den midtre kveinna har delvis gått med i eit leirras, medan vegen til den nedre kveinna er godt synleg.

Den øvste kveinna vart riven noko etter år 1900 og sett opp som stabbur på Haugen under Høyslo.

Ikkje alle gardane i bygda hadde stor nok bekk til å drive kveinna på garden sin. Kveinnene her i Kveinndalen vart såleis brukte av andre enn dei tre gardane Lein og Skille.

Det ligg att ein kveinnstein ved øvre kveinna. Denne steinen er komen frå Kveinnfjellet i Selbu og sannsynlegvis kjøpt på martna i Trondheim.

Tollbuplassen

Tollbuplassen er namnet på ein gammel heim eller liten gard. Her er det fleire "åkerreiner" som viser at jorda ein gong har vore oppdyrka og pløgd. Åkerreinene vart til ved at jorda vart ført nedover bakke ved bearbeiding. I nedre kant av åkeren vart det så etter kvart ein jordvoll – ei åkerrein. Slike vollar viser klårt kvar åkrane var. I øvre kant vil det oftast mangle jord og det blir der ein kant, eit åkerhakk.

Det finst ikkje dokumentasjon på nokon heim under Lein som svarar til Tollbuplassen. Garden er etter alt å døme ein såkalla øydegard som som vart liggande øde da Svartedauden la store deler av bygda øde. Han har ikkje vore tatt opp etter at folketalet gjekk dramatisk ned ved den store pesten i 1349.

Det er mogleg at busettinga på staden går attende til heiden tid. 200-300 meter sør for Tollbuplassen vart det for nokre år sidan funne ei grav. Grava kom fram ved grøftingsarbeid. Ho bestod av ein mindre steinkiste, om lag 70-80 cm nede i bakken. Grava vitnar i det minste om at folk hadde tilhald på staden langt attende i tid.

Tollbuplassen er eineståande som øydegardsdokumentasjon. Andre gardar som vart utan folk etter Svartedauden, har seinare vorte busette slik at spora etter den gamle busettinga er borte. Tollbuplassen er den siste av dei markerte fornminna på naturstien "Far etter folk". Vi i Skogn Rotaryklubb vonar det har gitt litt innsyn i bygdehistoria å trø i gamle fotefar, og kanskje reflektere litt over tider som var og vår eiga tid.

**Takk for turen, men ta deg tid til ein rast på
Utsikten.**

Utsikten

Frå "Utsikten" ser du ut mot bygda og fjorden, dette frodige grøderike Innherredslandskapet.

Prøv å sjå for deg det same landskapet slik det var for 10-12.000 år sidan, den gongen isen heldt på å dra seg attende. Sjøen stod ca 175 meter høgre den gongen, det vil seie at vi på turen vår har vandra i den gamle strandkanten. Her var iskanten, hit gjekk sjøen.

Sletta du ser ned for "Utsikten" låg under vatn, det same gjorde åsane framom deg. Holåsen hadde 50 meter sjø over seg. Rennikammen opp for Høyslo var ei øy med eit grunt sund frå Brannåsen og Høysloberget over mot Masteråsen.

Mest alt det som i våre dagar er dyrka mark låg under vatn. Det er gammel sjøbotn. Det er funne skjel på innmarka på Høyslo mest opp til høgde med Finnkallbakken.

Den gamle sjøbotnen består stort sett av leire. Bekker har grave ut dalar i denne leirgryta. Fleire stader har dette førd til større eller mindre ras, noko rasgropene viser tydeleg. På Høyslo-Rennan gjekk eit stort ras for om lag 1000 år sidan. Heile åssida mellom desse to gardane gleid ut og ei elv av leire fossa ut forbi Stavlo østre og fløynde ut over dalen nedover forbi Stavlo og Fostad der det ligg eit 1-2 meter tjukt leirlag etter raset. Under leira finst myr og lauvskog som dekte området før raset. Gjerdestolpar funne under leirlaget på Elverhaug vitnar om at jorda var i bruk også på den tid.

"Utsikten" er siste stasjon på naturstien "Far etter folk". Takk for turen, velkomen attende. Helsing frå

Skogn Rotaryklubb